

## Referat frå møte i Trafikksikringsutvalet

**Tid:** Tysdag 27. februar, kl. 09:30 – 11:00

**Stad:** Formannskapssalen i Midtgard

**Til stades:** Bjarne Eiolf Holø (BEH), Terje Hoel (TH), Herdis Kvamme Repp (HKR), Rolv Atle Mallaug (RAM), Trine Solberg Johansen (TSJ)

**Forfall:** Bjørn Bakke (BB)

**Møtleiar:** Ordførar Bjarne Eiolf Holø

### Møteagenda:

- Referat frå møtet 8. desember 2016
- Trafikksikker kommune
- Trafikksikringsplan/trafikksikkerheitsplan/trafikkplan
- Brubakken
- Eventuelt

Nr	Sak	Ansvarleg
1	Referat frå førre møte vart gjennomgått. Rette opp i namn i referat frå førre gong, Rolv Atle Mallaug er medlem i utvalet.	BEH TSJ
2	Etter møtet med Trygg trafikk og Vågå kommune, vart kommunen utfordra til ferdigstilling av trafikksikringsplanen til påske. I utvalet vart det bestemt at eit høyringsutkast bør vere klart til 1. mai, slik at det kan sendast ut på høring før sommaren.  <b>BIDRAGSYTERE- ANSVARLIGE FOR DELOMRÅDER I PLANEN FÅR FRIST TIL 12. APRIL.</b>  Rettleiar for en trafikksikker kommune skal leggas til grunn for trafikksikringsplanen. Sel og Vågå sine planar kan brukast som supplement til revisjonen. Planane ligg i ei eiga mappe på fellesområdet.  <u>Stiar til dokument i fellesområde:</u> <i>Sel og Vågå sine planar og Arbeidsdokument</i> (bokmål): F:\Trafikksikringsutval\Trafikksikringsplan  <i>Referat:</i> F:\Trafikksikringsutval\Møter\Referat	ALLE    TSJ
3	Utvalet er einige om at planen framtidig skal hete TRAFIKKSIKRINGSPLAN.	ALLE
4	Utvalet har fått oversendt e-post frå Trygg trafikk/FAU og skriv om trafikktilhøve i Brubakken frå Eldrerådet.  TH gjekk gjennom prosjektbeskrivinga frå Nordplan (2015). Om denne følgjas opp vil belysninga bli betre, Brubakken vert einvegskjørt med utkjøring ved Helseheimen, og det vil blir fortau heile vegen frå Fjellmuseet og opp til bommen.	TH

	<p>Innføring av strakstiltak for sikkerheit i Brubakken blir gjort i form av fysisk sperring der bommen er i dag. I samsvar med gjeldande kommunedelplan for Fossbergom skal bommen vere stengt. Det vil bli satt opp steinar, da bommen av erfaring brytast opp. Dette vil hindre gjennomkjøring og vil moglegvis gje mindre trafikk på sikt.</p> <p>Det blir foreslått at det kan utarbeidast ein reguleringsplan for «trekanten» mellom Solsidevegen//Brubakken/Rv15, som kan vere med på å klargjøre dei trafikkale føresetnadene for heile området. Det blir lagt fram sak til politisk behandling som grunnlag for oppstart av reguleringsplanarbeid. Helst ferdig plan november 2017.</p> <p>Trafikksikringsutvalet oppfordrar om at rektor/skuleleiinga sender ut informasjon til føresette ved barneskulen. Det bør anmodast om at levering og henting av born skjer på Loarområdet ved bruk av undergang under Rv. 15. Dette vil avlaste trafikkulempar i Brubakken. FAU Loar skule har også peikt på dette alternativet.</p> <p>Både FAU og Eldrerådet blir høyringspartar både ved reguleringsplanarbeid og trafikksikringsplan. Trafikksikringsutvalet vil uansett ta med seg innspel vidare i prosessane.</p>	<p>TH</p> <p>TSJ</p> <p>HKR</p>
<p>5</p>	<p>Politiinformerte om:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Trafikkaos ved Murgarden som hindrar utrykkingskjøretøy, trengt for bussar og bilar, og sikt for inn- og utkjøring på vegen grunna bygginga som har starta.</li> <li>• Frisiktlinja frå Statoil mot Bøverdalen må håndhevast, brev til Svein Kvåle</li> <li>• Det er ynskjeleg med nedsett fartsgrense frå 70 til 60 vest for Nissegården grunna mange trafikkuhell (handlingplan)</li> </ul> <p>Oppstart med arbeid på ny bussterminal, i regi av Statens vegvesen, er venta i 2018.</p> <p>Punkt til handlingsplan:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det må vere ein gjennomgang av buss-stoppestader til skuleborn i Lom.</li> <li>• Gatelyst må oppgraderast og utbetrast etter dagens krav, egen tilstand og handlingsplan</li> <li>• Øvre Ulstadveg må utbetrast for sikt</li> <li>• Fotgjengarfelt med belysning kryss Rv. 15/Fylkesvegen</li> </ul> <p>Det vart informert om kurs 65+ i Skjåk, i regi av Statens vegvesen, eldrerådet og LHL med stor oppslutning. Det blir sendt informasjon til eldrerådet i Lom som grunnlag for eventuelle tiltak.</p>	<p>TSJ</p> <p>HKR</p> <p>LMP</p> <p>TSJ</p>
	<p><b>GÅR TIL:</b>          Medlemmar i trafikksikringsutvalet          Eldrerådet          Trond Volden          Trygg Trafikk          Leif Morten Plassen          Sander Sælthun          BIDRAGSYTERE- ANSVARLIGE FOR DELOMRÅDER I PLANEN</p>	<p>TSJ</p>